

Dialekt, skriftradisjonar og rettskriving kan gje mang ein konflikt.

# Kven eig namna?



Botolv Helleland

## MED ANDRE ORD

**Eit nytt lovframlegg** tek sikte på å gje kommunane meir å seia i stadnamnsaker. Spørsmålet om kven som «eig» stadnamna er då relevant. Ein kan utvida spørsmålet til å gjelda namn i det heile.

Det finst mange slags namn, førenamn, etternamn, dyrenamn, stadnamn, firmanamn og så vidare. Eins eige namn meiner ein gjerne å ha ein «eigedom»-rett. Men heiter ein Anne eller Olav, må ein dela det med mange andre. Skriv ein seg for Hansen eller Berg, er ein i selskap med tusenvis av andre namneberarar. Skulle ein slumpa til å skriva seg for Frøyenes eller Treschow, er det langt færre å dela namnet med.

Etter lov om personnamn er førenamna langt på veg frie. Teknisk står dei altså ikkje fram som privateige. Foreldre kan velja mellom tusentals kjende og ukjende namn. Det må berre ikkje ha ein nedsetjande klang eller vera verna i andre funksjonar. Ikkje alle knyter seg like sterkt til førenamnet sitt, men dei fleste held på det livet ut. Skulle ein likevel vera misnøgd med valet til foreldra, er det høve til å ta eit nytt namn. Då skal ein ha fylt 18 år.

**Etternamna er litt** meir regulerte. Personnamnlova gjev vern til etternamn som er nytta av færre enn 200 namneberarar. Skulle ein ynskja seg eit slikt namn, måtte ein henta inn samtykke av alle

### FAKTA

#### Ny stadnamnlov:

■ På tysdag kjem framlegg om ny stadnamnlov opp i Stortinget. Framlegget vart send ut på høyring i fjor haust.

■ Målet med lovframlegget er å gje kommunane utvida rett til å bestemma over stadnamn.

■ I denne teksten skriv Botolv Helleland om dei ulike tradisjonane som er i spel når det gjeld stadnamn.

#### Om forfattaren:

■ Botolv Helleland er namnegranskar og namnekonulent.

greitt å ta allment kjende naturnamn til etternamn og såleis leggja «beslag» på dei. Er det i orden å gå rundt og presentera seg som herr Jotunheimen eller fru Snøhetta? Naturnamn er ikkje verna på same måte som mange etternamn. Me ser at ein del namn av dette slaget er brukte som firma- og produktnamn. Ei tid kunne ein kjøpa knivskarpe barberblad med namnet Besseggen. Meir suksess med å promotera norsk natur gjennom namnet har truleg arkitektfirmaet Snøhetta hatt.

Personnamn og namn på alle slags private gjenstandar høyrer til det private namnelandskapet, og det er få restriksjonar på bruk og skrivemåte. Namn som *OsloMet*, *Vj* og *Equinor* (heller *Ekvinord*?) har vore kritisert, men kan neppe forbydast, sjølv om desse verksemdene har ei viss statleg tilknytning. Innvingingane til Språkrådet vart det ikkje teke omsyn til.

**Med stadnamn** er det annleis. Dei har sidan 1800-talet vore emne for offentleg normering. Og i 1990 kom ei lov om stadnamn med reglar for skrivemåte og bruk av stadnamn. Eit overordna mål med lova er at stadnamn skal takast vare på som kulturminne. Hovudregelen

des kan skrivemåten av etternamn verka inn på skrivemåten av stadnamnet som det er avleidd av. Mange identifiserer gardsnamnet med sitt eige etternamn og ynskjer same skrivemåte i båe funksjonar. Ofte er det tale om namneformer med lang skriftradisjon, og namnet vert sett på som ein slektseigedom. Tanken er at som grunneigar må ein og ha rett til å bestemma over namnet på eigedomen. Dette synspunktet er ikkje nytt, men fekk fornya merksemd då eit fleirtal av stortingsrepresentantane i 2015 røysta for ei lovendring som gav grunneigarane, på visse vilkår, rett til fastsetja skrivemåten av bruksnamnet.

**Gardsnamn og naturnamn** representerer to ulike tilnærmingar til skrivemåten. Den fyrste gruppa er mest knytt til skriftradisjonen, medan den andre gjerne vert sett på som meir dialektnær. Det gjeld òg mange

*«Stadnamna er folket sin eigedom og folket sitt felles minne»*

av dei nye adressenamna. Mens det statlege argumentet har gått ut på at namna bør skrivast slik at dei er atkjennelege for folk flest, reagerer fleire bygdelag på at det ikkje vart teke nok omsyn til dialekten. Ynske om meir dialektnær skrivemåte kan ein sjå som eit uttrykk for at stadnamna høyrer lokalmiljøet til. Dei siste skrivereglane


eit spesielt historisk perspektiv. Ein skrivemåte basert på den nedervde uttalen vil såleis best formidla stadnamna som kulturminne. Samstundes er det lang praksis for ei viss normering slik at namna er lette å lesa. Den nedervde uttalen er framleis levande også for dei fleste gardsnamna. Men her vil ofte ein dialektbasert skrivemåte konkurrera med skriftrformer som har oppstått i dansketida. Mange gardsnamn har gjennom den danske skriftradisjonen fått former som ligg langt frå både dialektuttale og norsk rettskriving. Her ligg kimen til mang ein namnstrid.

**Litt av same** tankegangen, nemleg å føra forvaltninga av stadnamn ned på eit meir lokalt nivå, synest liggja til grunn for eit nytt lovframlegg. Kulturdepartementet føreslår nemleg å endra stadnamnlova med tanke på å gje kommunane utvida rett til å bestemma over stadnamn. Eitt av alternativa i lovframlegget opnar for at kommunane får avgjerdsrett i namn som Kartverket tradisjonelt har hatt ansvar for. Høyringsfristen gjekk ut 14. januar i år, og ein ser at dei heller få kommunane som har svara, stort sett støttar ei slik overføring av mynde, medan dei språklege instansane og fleire fylke går imot denne delen av framlegget. Dei tvilar på at kommunen har den nødvendige faglege kompetansen for ei slik oppgåve. Stadnamna er som andre



namn ein del av det norske språket og såleis folket sin eigedom og folket sitt felles minne. Dei er ei felleseige som bør skjøttast med same fagkunnskap og varsemd som språket elles. Vonleg vil dette synet forankrast i språklova som er varsla i språkmeldinga Mål og meining.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@lin.uio.no



dei som har det frå før. Er eit namn nytta av fleire enn 200, er det «fritt». Lova gjev òg høve til å ta eit heilt nytt namn til etternamn, til dømes eit konstruert namn eller eit stadnamn. Dersom ein Hansen vil ha eit meir sjeldsynt namn, kan han gjera det dersom namnet ikkje er verna. Det er Folkeregisteret som godkjenner namneskifte. Eit anna spørsmål er om det er

for norskspråklege stadnamn er at dei skal skrivast på grunnlag av den nedervde lokale uttalen, tilpassa gjeldande rettskrivingsprinsipp. For samiske og kvenske stadnamn gjeld tilsvarende reglar.

Men stadnamn nytta som etternamn, for det meste gardsnamn, er ikkje bundne av stadnamnlova og fylgjer sin eigen skriftradisjon. Samstun-

for stadnamn har då òg opna for litt fleire dialekttrekk.

**Med tanke på at** stadnamnlova òg er ei kulturminnelov, har dialekt-synet mykje for seg. Dei fleste stadnamna har fram til i dag vore overførte munnleg i den lokale dialekten. I stor grad er det tale om ein ubroten munnleg tradisjon tilbake til namngjevingstidspunktet. Dette set stadnamna i

**SKAL DET VERA EIT SCHJILT?** To namneformer, det eine normert etter stadnamnlova, det andre privat form med skriftradisjon tilbake til 1700-talet.

FOTO: JORUNN AARSBY